

Ekstern
skulevurdering
november 2025

Fløgstad skule
Sauda kommune



Tilbakemelding frå vurderingsteamet

Tore Bastlien Dahl (Skulefagleg rådgjevar
Suldal kommune)

Vibecke Håheim (Rektor Vinjar skule)

Vilde Mollatveit (PP-rådgjevar)



Utviklingsområde:



Lesing i alle fag

Grunnlag for vurderinga

- I arbeidet med skulen sitt utviklingsområde er det laga eit **framtidsbilete** som skal vise korleis det er på skulen når alt er optimalt. Vi har sett på dette i forhold til barn, føresette, tilsette og leiinga
- Til framtidsbiletet har ein utarbeidd **kriterier** og **kjenneteikn** på god praksis
- Denne presentasjonen kan sjåast som ein rapport og gir svar på kor skulen står når det gjeld:
 - Framtidsbiletet knytt til vald utviklingsområde
 - Dei kriteria/kjenneteikna som er sett opp
 - Føringar i opplæringslova og læreplanverket (LK20)
- Presentasjonen gir til slutt råd om kva ein bør gjere vidare for å nå framtidsbiletet og oppfylle læreplanverket



FRAMTIDSBILETE:



- Lese for å lære er ein naturleg del av alle fag
- Alle lærarar (alle fag) er leselærarar som har felles praksis og støttar kvarandre i utviklinga av leseopplæringa
- Alle elevar blir møtt med tilpassa og inkluderande leseopplæring som fremjar trivsel og læring
- Elevane opplever leseglede og motivasjon for lesing
- Fløgstad skule har utarbeida og implementert leseplan
- Føresette kjenner til korleis skulen driv leseopplæring og kan støtte elevane heime



KRITERIER

1. **Alle elevar blir møtt med tilpassa og inkluderande leseopplæring som fremjar leseglede, trivsel og motivasjon for læring**
2. **Dei tilsette kjenner til korleis ein driv leseopplæring og har felles praksis og støttar elevane i utviklinga av leseopplæringa**
3. **Føresette kjenner til korleis skulen driv leseopplæring og skulen samarbeider aktivt med heimen kring leseutvikling**
4. **Alle tilsette jobbar kollektivt mot ei felles forståing og praksis knytt til leseutvikling og lesing som ein naturleg del av alle fag.**

Metodar

- Dokumentasjon frå skulen
- Samtalar
 - elevar
 - føresette
 - tilsette
 - leiinga
- Observasjon i ulike situasjonar






Utval

- Observasjon på alle klassetrinn
- Observasjon av friminutt og overgangssituasjonar
- Gruppesamtale med elevrådet
- Uformelle samtalar med elevar og lærarar frå ulike klassar/trinn
- Samtale med tilsette, 5 fagarbeidarar og 8 lærarar
- Samtale med 5 FAU-representantar
- Daglege samtalar med rektor og avdelingsleiar

Sterke sider me har sett



- Utviklingsområdet til skulen er synleg i heile skulebygget
- Døme på at lesestrategiar er visuelt tilgjengelege i klasseromma
- Døme på at ein jobbar bevisst med omgrep i undervisninga
- Skulen nyttar mangfaldet av elevar som noko positivt i skulemiljøet
- Ein skule som nyttar moglegheitsrommet som ligg i tverrfagleg undervisning
- Tilsette som trivst i jobbane sine og framsnakkar kvarandre
- Tilsette som er tilstades i overgangssituasjonar inne



Kriterium 1

Alle elevar blir møtt med tilpassa og inkluderande leseopplæring som fremjar leseglede, trivsel og motivasjon for læring

Me har sett /opplevd/høyrte om:

- Elevane får medverka til kva for bøker/tekstar dei vil lesa
- Døme på elevar som opplever leseglede og motivasjon for lesing
- Gode døme på elevar som opplever trygge relasjonar til medelevar og lærarar/andre tilsette
- Lærarar og andre tilsette som gir fagleg støtte til elevane
- Døme på lærarar som legg til rette for leseopplæring som fremjar leseglede



Kriterium 2

Dei tilsette kjenner til korleis ein driv leseopplæring og har felles praksis og støttar elevane i utviklinga av leseopplæringa

Me har sett /opplevd/høyrte om:

- Lærar som ser viktigheita av å jobba med lesing og ønsker å utvikla praksis
- Døme på lærar som legg til rette for god heilheitleg leseopplæring
- Mange vaksne som har god relasjon til elevane
- Døme på lærarar som støttar elevane i leseopplæringa
- Lærarane nyttar varierte og utforskande metodar i undervisning
- Lærarane legg til rette for lesing av ulike typar tekst

Kriterium 3

Føresette kjenner til korleis ein driv leseopplæring og skulen samarbeider aktivt med heimen kring leseutvikling

Me har sett /opplevd/høyrte om:

- Føresette er informert om at skulen har ei satsing på lesing
- Døme på føresette som blir oppmoda til å motivera til lesing heime
- Føresette blir oppmoda til å bidra til positive haldningar til lesing
- Det er enkelt å ta kontakt med skulen



Kriterium 4

Alle tilsette jobbar kollektivt mot ei felles forståing og praksis knytt til leseutvikling og lesing som ein naturleg del av alle fag



Me har sett /opplevd/høyrte om:

- Gode tankar og refleksjonar kring korleis ein kan drive god leseutvikling og inkludera lesing i alle fag
- Fløgstad skule har starta arbeidet med ein felles leseplan
- Døme på lærarar som kan vera til inspirasjon for felles praksis knytt til lesing i alle fag
- Det er åpen samarbeidskultur mellom dei tilsette og mellom leiinga og personalet
- Døme på at personalet har utvikla ein kultur for læring saman gjennom å dela, støtta og nytta kvarandre sin kompetanse
- Tilsette bidrar i det profesjonelle læringsfellesskapet


RÅD TIL VIDARE ARBEID



SKULEN BØR:

Jobba med å utforma ein meir konkret visjon for satsinga knytt til lesing i alle fag.

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplever at visjonen er noko enkel med "lesing i alle fag". Dette gir lite retning. Framtidsbiletet er prega av mange kjenneteikn som i seg sjølv er bra, men det kan vera omfattande å ta eigarskap til.



RÅD TIL VIDARE ARBEID

SKULEN BØR: reflektera rundt og formalisera rutinar og planar som styrkar lesing som ein viktig del av alle fag

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde gjennom observasjon, samtalar og dokumentanalysar at skulen har gode tankar kring leseopplæring og korleis ein kan arbeida med lesing i alle fag. Dette treng å bli formalisert gjennom rutinar og planar som igjen skal føra til klare rettesnorer for dei tilsette og praksisendring.

RÅD TIL VIDARE ARBEID

SKULEN BØR: arbeida kontinuerleg med felles praksis rundt klasseleiing gjennom utprøving, erfaringsutveksling, samarbeid og arbeid i profesjonsfellesskapet

- **Grunngjeving:** Vurderingsteamet har observert og opplever at det er eit sprik i korleis ein startar dagen/timar, avsluttar læringsøker og utøvinga av den autoritative vaksenrolla.
- Ein felles praksis vil gje elevane meir føreseielege rammer og kan bidra til betre klasseleiing og tryggleik for elevane.



RÅD TIL VIDARE ARBEID

SKULEN BØR: arbeida med implementering av rutinar for trivselsskaparar

- **Grunngjeving:** Vurderingsteamet har observert og opplever at det ikkje er samsvar mellom vaktplan, skulen sine rutinar og praksis.
- Dette kan skapa rom for konflikter og eit utrygt miljø i skulegarden.




RÅD TIL VIDARE ARBEID

SKULEN BØR:

Ta initiativ til eit samarbeid med dei føresette om korleis dei kan vere ressursar i læringsarbeidet

- Sikra at heim og skule er medspelarar også fagleg
- Oppmoda og støtte føresette til å motivera til lesing heime
- Oppmoda og støtte føresette til å bidra til positive haldningar til lesing

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde gjennom samtale med FAU at samarbeidet mellom skulen og føresette i stor grad er prega av informasjon.



Råd og tips til arbeidet med leseplan

- Korleis sikrar ein felles forståing av kva lesing i alle fag inneber?
- Korleis sikrar me at ein leseplan med tilhøyrande rutinar blir til felles praksis?
- Korleis kan ein gi konkrete råd til føresette for å sikra at dei blir gode medspelarar?
- Korleis kan ein skapa leseglede og motivasjon for lesing?
- Korleis kan ein sikre at alle veit korleis ein går fram når ein har elevar som strevar med lesing?
- Korleis kan me legge tilrette for at elevar som strevar med lesing også opplever meistring og leseglede?

Tips til gode ressursar i det vidare arbeidet

- Lesesenteret UiS
- Nynorsk- senteret
- Tibi
- Dysleksi Norge
- Leseplan for Sande, Ulstein og Herøy
- Udir
- Statped

Proessen vidare

- Rektor, skulefagleg rådgjevar og skulekontakt i PPT har eit møte innan 1. februar 2026 for å gjennomgå råda frå vurderingsteamet. Rektor har ansvaret for å kalle inn til møtet.
- I møtet blir ein samde om ein plan for korleis skulen skal jobbe skulebasert for å følgje opp råda, samt gjennomføre og evaluere tiltak som blir sett i verk.
- Ein blir samde om korleis skuleeigar og PPT skal støtte skulen i utviklingsarbeidet